

## LINDÅS KOMMUNE

### Reguleringsføresegner for Eidsnes næringsområde

Gnr 244 bnr 27, 36, 41, 46 og del av  
4 Eidsnes,  
jf. plan- og bygningslova (pbl) §12-7

Saksnummer: 2011/2430

Dato revidert: 13.03.2013 (Adm. i  
høve kom.styreveitak)

Handsamingar:

1. gangs handsaming: 13.06.2012, sak 103/12
2. gangs handsaming: 31.10.2012, sak 173/12
3. gangs handsaming: 30.01.2013, sak  
10/13 Vedtak godkjend plan: 14.02.2013,  
sak 5/13.
4. Administrativt vedtak godkjent endring  
av plan: xx.xx.xx.

## § 1 GENERELLE FØRESEGNER

### 1.1 Illustrasjonsplan

Illustrasjonsplan datert 15.10.12  
er rettleiande (og ikke bindande)  
for disponering av planområdet.

### 1.2 Dokumentasjon til rammesøknad

Ved innsending  
av rammesøknad for kvart delfelt  
skal det leggast ved teikningar av  
plan, snitt, utomhusplan i  
målestokk 1:500, der det vert gjort  
greie for infrastruktur, avkøyrsler,  
terreng, parkering og parkbelte.

### 1.3 Detaljplan for veg

Planar for vegar skal vise  
korleis krava til vegteknisk  
standard blir oppfylt, herunder  
lengde- og tverrprofilar av dei  
vegane som leiar fram til dei  
respektive felta. Plassering av  
nye og eksisterande avkøyrsler  
skal framgå.

Fylkesveg 393 og Fylkesveg

395 samt tilkomstvegen vist i  
plankartet fram til område for  
planlagt tiltak, skal kunna  
opparbeidast med inntil 6 meter  
breidde og med inntil 0,5 m  
vegskulder på både sider.

### 1.4 Søknadsplikt

Tiltak i sjø krev tillating fra  
hamnemynde, jf hamnelova §  
27, første ledd. Søknad må  
sendast i god tid før  
iverksetting av tiltak.

### 1.5 Rekkefølgjekrav

1.5.1 Etablering av andre verksemder  
enn lager og verksemder med  
sporadisk aktivitet er ikkje tillate  
i planområdet før  
fyrverkerilageret er flytta til anna  
eigna stad utanfor planområdet.

1.5.2 Ved innsending av  
rammesøknad for kvart delfelt  
skal det føreligge:  

- VA-plan som skal godkjennast  
av kommunen.

- Massehandsamingsplan som  
skal godkjennast av kommunen.  
Massehandsamingsplanen skal  
vise skjeringar og fyllingar.

1.5.3 Før det vert sett i verk  
utbyggingstiltak i kvart delfelt  
skal avkøyrsler vere opparbeidd  
i tråd med krav fra vegmynde.

1.5.4 Før det vert gitt midlertidig  
brukstillating for kvart delfelt  
skal følgjande vera  
gjennomført:

- Vegar i den enkelte  
utbyggingsetappe skal vera  
utbygd.

- Vatn- og avlaupsnett i  
samsvar med rammeplan for  
VA. Ferdigstilling skal  
tilpassast den enkelte  
utbyggingsetappe.

- Eventuelle sikringstiltak  
mot fallulykker ved bratte  
skjeringar skal vere utført.

1.5.5 Tiltak i reguleringsføremål

- hamneområde i sjø skal på høyring til naboar og offentlege instansar før det vert gjeve byggeløyve frå kommunen.
- 1.5.6** Når inntil 50 % av det samla bruksarealet i områda BKB1 **KBA1** og BKB2 **KBA2** er bygd ut, skal dei delane av Fv 393 og Fv 395 som går frå E39 og til veg V1, som vist i reguleringsplanen, utbettast til min. 6,0 meter køyrebane og 0,5 meter vegskulder på begge sider av vegen før vidare utbygging kan tillatast.<sup>1</sup>
- 1.6 ROS-tiltaksplanar**  
Ved søknad om tiltak etter pbl § 20-1 skal det gjerast greie for følgjande punkt:
- a) Avfall og overskotsmateriale**  
Før løyve til igangsetting for kvart delfelt skal det føreligge ein avfallsplan for byggje- og anleggstiltak, jf. forureiningslova m/forskrift
- 1.7 Tilgjenge**  
Prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn i planområdet.
- 1.8 Automatisk freda kulturminne** Dersom det vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid skal arbeidet stansast omgåande og Fylkeskonservatoren underrettast, jf. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd. Dette gjeld både i sjø og på land.
- 1.9 Terrenginngrep**  
Terrenginngrep skal gjerast mest mogleg skånsamt. Naturlege høgder og opphavleg terrenget i planområdet skal så langt råd er takast vare på.
- 1.10 Ureining**  
Ureining skal handsamast etter gjeldande krav frå overordna miljømyndighet. Vert ureina industri tillate må det takast kontakt med vedkommende fagmyndighet for fastlegging av rammene for industriverksemd, jf. forureiningslova.
- 1.11 Estetiske retningsliner**  
Lokalisering og utforming av nye byggverk skal sikra eit godt samspele med eksisterande anlegg i høve til tomtepllassering, byggestruktur, volum og takform.
- 1.12 Parkering**  
Det skal settast av minimum 10 % parkeringsplassar for funksjonshemma innanfor kvart delfelt.
- Det skal minimum etablerast 1 parkeringsplass per 30m<sup>2</sup> BRA for føremål forretning/kontor/service. Det skal maksimum etablerast 1 plass per 20m<sup>2</sup> BRA for føremål forretning/kontor/service
- Det skal minimum etablerast 1 plass per 100m<sup>2</sup> BRA for føremål industri/verkstad. Det skal maksimum etablerast 1 plass per 50m<sup>2</sup> BRA for føremål industri/verkstad.
- Det skal minimum etablerast 1 plass per 300m<sup>2</sup> BRA for føremål lager. Det skal maksimum etablerast 2 plassar per 200m<sup>2</sup> BRA lager.

<sup>1</sup> Revidert 18.11.2020

**1.13 Avfallshandtering**

Det skal leggast til rette for fellesområde for avfallshandtering.  
Avfallshandtering skal løysast med overflatesystem.

Areal for miljøstasjon på dei respektive felta skal nyttast til samling av avfallsdunkar og for kjeldesortering. Plasseringa skal visast på utomhusplanar for kvart delfelt, eventuelt samla for to eller fleire felt.

Samlingsplassane skal skjermast/overbyggjast ut frå estetiske og ureiningsmessige tilhøve.

**1.14 Miljøkvalitet**

Støy frå industriområde skal tilfredsstille gjeldande retningsliner for tillate utandørs støy, jf. T-1442 "Støy i arealplanlegging". Det er ikkje tillate etablert anlegg eller verksemder som ved lukt, røyk, støy eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for nærområde for friluftsliv og busetnad.

**1.15 Handtering av overvatn**

Lokal overvatnshandtering skal leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggjeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terrenget eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.

**1.16 Energi**

Det skal etablerast miljøvenlege løysingar for oppvarming i planområdet, fortrinnsvis utan bruk av fossilt brennstoff.

**1.17 Hamneområde**

- 1.17.1 Det skal leggast til rette for at alle verksemder som etablerer seg innanfor planområdet skal ha tilgang til hamneområde f\_SHA3 H3.<sup>2</sup>
- 1.17.2 Hamneområde f\_SHA2 H2 skal vera tilgjengeleg for næringsverksemder utanfor planområdet.<sup>3</sup>

**1.18 Anleggsarbeid**

Særleg forstyrrende anleggsarbeid skal leggjast utanfor gyteperioden for torsk frå januar til og med april.

**§ 2  
BYGG OG  
ANLEGG  
(Pbl §25.1, nr1)**

**2.1 Byggjegrense**

Nye bygg skal plasserast innanfor byggjegrensa som vist på plankartet. Der byggjegrense ikkje er vist på plankart går byggjegrensa i føremålsgrensa.

**2.2 Utnytting og byggjehøgder**

Byggjeområda kan maksimalt tillatast bygd med den utnyttingsgraden og byggjehøgda som er vist på plankartet for kvart delfelt. Parkering inngår ikkje i BRA. Ved utrekning av BRA for nye bygningar med eitt plan kan bruksarealet reknast utan tillegg for tenkte plan. Det

<sup>2</sup> Revidert 18.11.20

<sup>3</sup> Revidert 18.11.20

kan ved særskilde høve etablerast pipe, tårn o.l. på ein del av ein bygning, som er høgare enn den byggjehøgda som er vist på plankartet.

- 2.3 Bestemmelsesområde #1**  
I området ligg eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id 157799. Kulturminnet vil søkjast frigjeve som eit ledd i planprosessen.
- 2.4 Viste bygningar og anleggsføremål kombinert med andre viste føremål:**
- 2.4.1 Innanfor alle delområda vist på plankartet kan det etablerast næringsføremål, kontorføremål, forretningsføremål, lagerføremål, lettare industriføremål, interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.
  - 2.4.2 Etablering av detaljhandel er ikkje tillate i planområdet med unntak av sal som har direkte tilknyting til produksjons-, handverk- eller serviceverksemder. Fareverksemder er ikkje tillate etablert i planområdet.
  - 2.4.3 Etablering av arealkrevjande varehandel er ikkje tillate i planområdet før kommunen har vedteke dette i overordna plan eller i retningsliner gjeldande for Lindås kommune. Med arealkrevjande varehandel meiner ein t.d. forretningar med sal av bilar, motorkøyretøy, lystbåtar, landbruksmaskiner, trelast og andre byggjevarer og sal frå planteskule/hagesenter.
  - 2.4.4 Innanfor kvart delfelt kan areala

delast etter ein samla plan, tilpassa dei enkelte verksemder sine behov og med vekt på trygge trafikale løysingar.

- 2.4.5 Nettstasjon skal kunna plasserast innanfor planområdet, og etablerast med gjeldande tryggleikssoner.
- 2.4.6 Nettstasjon må plasserast minst 5 meter frå bygning med brennbare overflater, minst 3 meter frå bygning med ikkje brennbare overflater, og kan plasserast inntil bygning når vegg mot transformator er utførd i brannteknisk klasse minst REI 60/A2-sl eller tilsvarande.
- 2.4.7 Veg skal opparbeidast til naboeigedomen som har vegrett gjennom planområdet.
- 2.4.8 Ved etablering av verksemder med aktivitetar som kan utgjere fare for utedkommande, skal verksemdsområdet merkast med fareskilt og eventuelt gjerdast inn om dette vert vurdert som naudsynt.

### § 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- 3.1 Køyreveg**  
Køyrevegar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med aktuell vegmyndighet.
- 3.2 Annan veggrunn**  
Areala er avsett til skjeringar, fyllingar, grøfter og liknande knytt til vegføremåla.

- 3.3 Hamn**
- 3.3.1 Hamn kan opparbeidast som vist på plankartet. Opplagring, parkering, tekniske installasjoner og bygninger knytt til hamneverksemda kan løysast innanfor føremålet.
- 3.3.2 Kaiareal innanfor f\_SH2 kan byggast med maks. 74 meter lengde langs land / arealformålet BKB2, og maks 78 meter breidde. ~~H3 kan maksimalt tillatas bygd med lengde 182,5 meter og breidde 27,2 meter, jf. plankart.<sup>4</sup>~~
- 3.3.3 Kaiareal innanfor f\_SHA3 kan byggast med maksimalt 182,5 meter lengde langs land / formålgrense BKB2, og med maks. 70 meter breidde. ~~H2 kan maksimalt tillatas bygd med 74 meter lengde på kaikant og ein breidde på mellom 26 og 35,5 meter, jf. Plankart.<sup>5</sup>~~

#### § 4 GRØNSTRUKTUR

- 4.1 Vegetasjonsskjerm**  
Vegetasjonsskjermen GV VS langsmed vegane f\_SKV1 V1 og f\_SKV3 f\_V3 skal innanfor tiltaksområdet tilpassast framtidige internvegar som ikkje er vist på plankartet.<sup>6</sup>

#### § 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE OG REINDRIFT

- 5.1 Friluftsføremål**  
Opphavleg vegetasjon og terregn skal bevarast.

#### § 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE

- 6.1 Hamneområde i sjø**  
Området skal brukast til inn- og utskiping. Pir er tillat etablert i den vestlege enden av kaifronten til f\_SH3 og innanfor arealformålet VHS. Pir kan ha maks breidde lik 20 meter og maks lengde lik 100 meter. ~~Pir kan tillatas etablert i den vestlege enden av kaifronten i H3. Pir kan maksimalt tillatas bygd med lengde 100 meter og breidde 20 meter.<sup>7</sup>~~

- 6.2 Friluftsområde i sjø**  
Opphavleg sjøområde skal bevarast.

#### § 7 OMSYNNSZONE R (tbl § 12-6)

- 7.1 Frisiktsoner**  
I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiksone) skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over vegplanet på tilstøytande vegar.

- 7.2 H\_730, område som er bandlagt etter Kulturminnelova.**  
Omsynssoa markerer eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id 99943. Det er ikkje tillete å gjera nokon form for varig eller mellombelse inngrep som kan medføre å skade, øydeleggje, grave ut,

<sup>4</sup> Revidert 18.11.20

<sup>5</sup> Revidert 18.11.20

<sup>6</sup> Revidert 18.11.20

<sup>7</sup> Revidert 18.11.20

flytte, endre, tildekke, skjule eller  
på annan måte utilbørlig skjemme  
det automatisk freda  
kulturminnet, eller framkalle fare  
for at det skal skje.

### 7.3 **H\_570, sone med særlege**

#### **omsyn til bevaring av kulturmiljø.**

I H\_570 ligg eit automatisk freda  
kulturminne. Ved handsaming av  
søknader om tiltak i området,  
skal regional  
kulturminneforvalting gje uttale  
før vedtak. Omsynet til  
kulturmiljøet skal vektleggast.  
Det er ikkje tillete å gjera nokon  
form for varig eller mellombelse  
inngrep som kan medføre å  
skade, øydeleggje, grave ut,  
flytte, endre, tildekke, skjule  
eller på annan måte utilbørlig  
skjemme det automatisk freda  
kulturminnet, eller framkalle fare  
for at det skal skje.

### 7.4 **Bestemmelsesområde #1**

I området ligg eit automatisk  
freda kulturminne, Askeladden  
id 157799.

Før iverksetting av tiltak i høve  
reguleringsplanen, skal det  
gjennomførast ei arkeologisk  
gransking av den råka  
automatisk freda  
kulturminnelokaliteten id  
157799 i planområdet.

Det skal takast kontakt med  
Hordaland fylkeskommune i  
god tid før tiltaket skal  
gjennomførast, slik at omfanget  
av den arkeologiske granskinga  
kan fastsetjast.